

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
43/18	049	29.10.2018	05.12.2018	IBM


GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.09.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 24.09.2018.



Jøstein Støylen
Dagleg leiar

Ida Birgitte Marholm
Konsulent



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Larsnes skule
Dato: 24.09.2018
Tid: 08.00 – 10.15

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	Sp.
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	V

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn		
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	H
Gro Brandal	Medlem	Ap
Asbjørn Støylen	Medlem	Tvp

Varamedlemmar som møtte:

Namn	
Åshild Nes Myklebust	
Ingen fleire vara kunne møte.	

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Ida Birgitte Marholm	Konsulent

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor. Ikkje i sak 41

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Dag Atle Eksund	Rektor Larsnes skule. I sak 41

SAKLISTE

- SAK 32/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- SAK 33/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 34/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTKOLLAR 2018
- SAK 35/18 MELDINGAR
- SAK 36/18 REVISJONSPLANLEGGING 2018 – FINANSIELL REVISJON
- SAK 37/18 OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG
INNSATS
- SAK 38/18 OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK SANDSØY
OPPVEKSTSENTER
- SAK 39/18 BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 40/18 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 41/18 ORIENTERINGSBESØK LARSNES SKULE

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/18	033	12.09.2018	24.09.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
33/18	049	12.09.2018	24.09.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 05.06.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 05.06.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/18	033&58	12.09.2018	24.09.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet meiner det er viktig at møteprotokollar frå alle utval vert formidla til kommunestyret.
2. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, elles ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/sande/Dmb?page=2640,9882&lang=1>

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	19.06	18.09
Formannskapet	05.06	21.08 04.09
Helse- og oppvekstutvalet	29.08	
Næring-, teknisk- og miljøutvalet	29.08	
Råd for likestilling av funksjonshemma	20.08	
Eldrerådet	20.08	
Ungdomsrådet	25.06	

Administrasjonsutvalet
Arbeidsmiljøutvalet
Valstyret
SSR IKS – styret
SSR IKS – representantskapet

Sendt til leiar
Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/18	033&17	12.09.2018	24.09.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga og orienteringa til vitende.

Vedlegg

1. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/revisor Halldis Moltu: Vurdering av uavhengigheit

I møtet

Orienteringar om Vest kontroll frå 01.01.2020 frå dagleg leiar i Vest kontroll.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/18	216	12.09.2018	24.09.2018	IBM

REVISJONSPLANLEGGING 2018 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2018 – finansiell revisjon, for Sande kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. Motteke 07.09.2018 (**Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.**)
Vert sendt pr. post.

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved oppdragsansvarleg revisor Halldis Moltu, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2018. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Oppdragsvurdering
- Beskrivelse av verksemda
- Risikoanalyse
- Fastsetjing av vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert forbruk

I møtet

Leiaren tok opp om det var behov for gjennomgang og spørsmål til B-dokumentet, i så fall må møtet lukkast. Under drøftinga kom det fram at det var behov for gjennomgang og spørsmålsstilling.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 31, nr. 2, jf. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr. 2.

Revisor Halldis Moltu orienterte og svarta på spørsmål.

Etter gjennomgangen/spørsmålet vedkomande planleggingsdokumentet vart møtet vedteke opna igjen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	217	12.09.2018	24.09.2018	IBM

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET TIDLEG INNSATS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tidleg innsats til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Prosedyre for å ivareta det einskilde barn under skulealder i Sande
2. Rutiner for overgang mellom barnehage og skule

Saksopplysningar

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningsliner med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og om ein kjem tidleg i gong med spesialundervisinga/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tidleg innsats – Sande kommune, datert 29.09.2017. Denne var handsama i kontrollutvalssak 43/17, og vidare i kommunestyret 06.02.2018 i PS 2/18 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Sande Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 29.09.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Kommunen skal vurdere om det skal opprettast faste møtepunkt mellom barnehageiningane og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.

- b) Kommunen skal sette i verk tiltak for å få implementert prosedyrar for å ivareta det einskilde barn under skulealder og i større grad ute på einingane (barnehagane).
 - c) Kommunen skal i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
 - d) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - e) Kommunen skal vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassestrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.2018.

Tilbakemelding frå rådmannen v/ oppvekst- og kultursjef, av 01.06.2018

Vi viser til utskrift frå møteprotokoll vedr. Forvaltningsrevisjonsprosjektet – tidleg innsats – der kommunestyret vedtok at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 01.06.18.

Følgande status kan rapporterast:

Vedr. punkt a):

Det er oppretta faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane 2 gonger i året + etter behov. Møtepunktane er kommuniserte og avtalte gjennom styrarmøte, og vert innarbeidd i prosedyrane før neste barnehageår.

Vedr. punkt b):

Vedlagde prosedyre (vedlegg 2) er etablert (jfr. Compilo) og kommunisert via styrarmøte til leiarane for den einskilde barnehagen. Det vil bli oppfølging i styrarmøta til hausten.

Vedr. punkt c):

Prosedyre (vedlegg 2) vedlagt. Revisjonen vart presentert i leiarmøte 8.6.18. Blir lagt inn i kvalitetssystemet (Compilo).

Vedr. punkt d):

Vi viser til vedlegg 2, der det går fram korleis komande kontaktlærar skal involverast.

Vedr. punkt e):

Vi viser til vedlegg 2, der denne tilbakemeldinga er teken inn.

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik, av 31.08.2018

Anbefaling 1 (a)

Ut i frå tilbakemeldinga har kommunen oppretta faste møtepunkt i samsvar med anbefaling 1.

Anbefaling 2-5 (b-e)

Ut i frå tilbakemeldinga har kommunen fått på plass skriftlege prosedyre som er dekkjande for dei ulike anbefalingane. Kommunen skal evaluere endringane i styrarmøta til hausten.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/18	033	12.09.2018	24.09.2018	IBM

OPPSUMMERING ORIENTERINGSBESØK SANDSØY OPPVEKSTSENTER

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering frå orienteringsbesøk 05.06.2018 til vitende.

Vedlegg

Oppsummering av orienteringsbesøk 05.06.2018.

Saksopplysning

Kontrollutvalet hadde etter ordinært kontrollutvalsmøte 05.06.2018 orienteringsbesøk ved Sandsøy oppvekstsenter.

Ein viser til oppsummeringa frå orienteringsbesøket som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/18	151	22.08.2018	24.09.2018	JS

BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret løyve kr. 50.000,- til fri disposisjon for kontrollutvalet i budsjett for 2019. Leiar og møtegodtgjersle kjem i tillegg.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Budsjett for Vest kontroll – sekretariat for kontrollutval vert vedteke av styret for selskapet (samarbeidet). Dette budsjettvedtaket legg rådmannen inn i kommunebudsjettet.

Sekretariatet er det utøvande lekk for kontrollutvalet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv mellom anna dette i Kontrollutvalsboka (2016):

«Det er avgjerande for godt kontrollarbeid at kontrollutvalsmedlemer blir sette i stand til å utøve vernet sitt på ein god måte: Kommunestyret bør sørge for at det er tilstrekkeleg budsjett til at kontrollutvalsmedlemmene kan delta på kurs og konferansar.»

«Kommunestyret er ansvarleg for at kontrollutvalsmedlemmene og varamedlemmene får tilstrekkeleg opplæring i sine kontroll- og tilsynsoppgåver.»

«Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmene (både faste og vara) får tilstrekkeleg opplæring. Det vil vere nyttig at utvalet held seg orientert om arrangement i regi av bransjeorganisasjonar og foreiningar, og sjølv tek initiativ til kurs medlemmene har trong for» I tillegg til den grunnleggjande opplæringa er det viktig at kontrollutvalet held seg oppdaterte. Dette er ein kontinuerlig prosess som det må løyvast midlar til.

For å gi kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynnte ressursar til disposisjon. (Kontrollutvalsboka 2016:16) Difor må kontrollutvalet ha sitt eige budsjett som mellom anna skal dekkje opplæring, kurs/konferansar, litteratur m.m.

Dette gjer at kontrollutvalet må be kommunestyret om budsjett i 2019 pålydande kr. 50.000,-. Dette er auke i høve til 2018. Årsaka er kursopplæring lokalt, regionalt og nasjonalt for dei nye kontrollutvala/kontrollutvalsmedlemane som vert valde hausten 2019.

Større særskilde tiltak/saker slik som gransking og større forvaltningsrevisjonar er halde utan om dette budsjettet. Her gjeld hovudregelen om at kontrollutvalet i førekant søkjer kommunestyret for å få løyvd nødvendige midlar.

Budsjettframlegget til kontrollutvalet kan berre endrast av kommunestyret.

«Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttramma til tilsynsorganet.

(Kontrollutvalsboka 2016:16)

Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/18	033	12.09.2018	24.09.2018	IBM

UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Linda Dyrhol.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/18	033	12.09.2018	24.09.2018	IBM

ORIENTERINGSBESØK LARSNES SKULE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet utarbeide ei enkel oppsummering frå orienteringsbesøket.

Vedlegg

Ingen

Saksopplysningar

Kontrollutvalsmøtet vert halde på Larsnes skule. Orientering og omvising ved rektor Dag Atle Eksund.

Sekretariatet kan om ynskjeleg lage ei kort oppsummering frå orienteringsbesøket.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST
Leiar

LINDA DYRHOL
Nestleiar

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann – til orientering.
Ordførar – til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.